

Flykte til det ukjente

Forfattar Atle Hansen inviterer oss inn i eit farleg univers. Kva har skjedd, og kven har flytta inn i det tomme huset under fjellet?

To nysgjerrige ungdommar lurar på kven som har flytta inn i det tomme huset. Ein dag ser dei nokon inni huset. Kven er det? Er dei farlege? Kan det vere asylbarn som har rømt frå asylmottaket?

Boka *Flukt* er ein spenningsroman som er godt skriven. Forfattaren klarer å halde på spenninga gjennom heile boka og klarer til og med å overraske lesaren mot slutten.

Atle Hansen skriv om asylbarn som ikkje lenger får vere i landet, og som derfor rømmer og gøymar seg. I *Flukt* forklarar han kor vanskeleg det er å vere asylbarn.

Hansen spelar på fordommane våre mot asylsøkjjarar, homofile og ukjende menn. Han peiker også på frykta hovudpersonen har for fordommane sine. Korleis kan ein bli kvitt dei?

Tittelen på boka, *Flukt*, viser til at det å flykte frå noko både er skummelt og farleg, men at det også kan opne dører og gi oss nye moglegheiter. Romanen passar best for ungdom frå tolv år og oppover.



Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 190.
Gjer oppgåvene 3, 4, 6.